



Fylkesmannen i Hordaland
P.b 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1419 - 15/22172

Saksbehandlar:
Anne-Lise Næs Olsen
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

04.01.2016

Høring og offentlig ettersyn - Dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen - Konsekvensutgreiing for flytting av Blom Fiskeoppdrett frå Laksevika til Trollholet

Saka gjeld

Det er i samband med søknad om dispensasjon frå kommuneplanene sin arealdel, utarbeidd konsekvensutgreiing for flytting av Blom Fiskeoppdrett AS, frå ein lokalitet ved Laksevika til ny lokalitet ved Trollholet. Utval for drift og utvikling vedtok 17.12.2015, i sak 94/2015, å leggje konsekvensutgreiing journalført 04.12.2015 ut på høring og offentlig ettersyn, i samsvar med reglane i *forskrift om konsekvensutredning for planer etter plan- og bygningslova*. Frist for å gje uttale skal minimum vere på 6 veker.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova (pbl) §§ 19-1, jf. pbl §§ 1-1 og 19-2.

Historikk

Meland kommune mottok 14.04.2015 søknad frå Blom Fiskeoppdrett AS om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel. Søknaden galt flytting av oppdrettsanlegg frå Laksevika ved Hjertås til eit område ved Holmeknappen. Bakgrunnen for flyttinga er at anlegget i Laksevika er i konflikt med militær sikringssone, og fordi det er ynskje om å oppgradere anlegget.

Meland kommune gav 3.11.2015 dispensasjon for flytting og oppgradering av akvakulturanlegget på ulike vilkår. Det skal m.a. lagast konsekvensutgreiing som lyt dokumentere at tiltaket ikkje fører til auka forureining på naturmiljøet i sjø, og at det ikkje fører til auka fare for spreiding av sjukdom på villfisk og andre artar.

Det er kome 2 klagar på dispensasjonsvedtaket. Desse gjeld m.a. prosessen kring medverknad, samt grunnlaget for å gje dispensasjon mm. Klagane er ikkje behandla enda.

I ettertid er kommunen gjort kjend med at biologisk mangfald på staden er av ein slik karakter, at lokaliteten lyt flyttast ytterlegare lenger søraust enn det som opphavleg er føreslege i dispensasjonssaka. Ny plassering er no føreslege ved Trollholet.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Det er utarbeidd ei konsekvensutgreiing, dette i samsvar med Utval for drift og utvikling sitt dispensasjonsvedtak av 3.11.2015. Konsekvensutgreiing gjev ein fagleg dokumentasjon på eit overordna nivå, og som vurderer om tiltaket medfører ei god utvikling for kommunen. Utgreiinga omfattar mange tema kring verknad for miljø og samfunn dersom ein flytter akvakulturanlegget til ny lokalitet ved Trollholet. Konsekvensutgreiinga vurderer ikkje fullt ut verknad for miljø og samfunn dersom ein oppgraderer og utvidar anlegget, men den slår fast at nærare undersøkingar og vurderingar knytt til biologi, miljø- og straumtilhøve på lokaliteten, skal vurderast i samband med akvakultursøknaden etter sektorlov.

Eksisterande akvakulturanlegg ved Laksevika er i dag i konflikt med militær sikringssone. Anlegget treng snarleg oppgraderast i samsvar med regelverket, og søkjar ynskjer å auke kapasiteten. Endring eller utviding utover eksisterande arealbruk kan ikkje vurderast der anlegget ligg i dag, og flytting av anlegget har som primærmål å få løyst interessekonflikten med Forsvaret.

Planstatus

Omsøkt tiltak er omfatta av Kommuneplanen for Meland kommune 2015-2027, og omsøkt nytt område er i kommuneplanen i generell kategori, avsett til *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner*.

Området kan utnyttast i samsvar med dei aktuelle underføremåla til den generelle kategorien, med unnatak av akvakultur og småbåthamn, dette jf. føresegner pkt. 3.3.

Søknaden er såleis ikkje i samsvar med kommuneplanen, og krev dispensasjonsbehandling.

Området i Laksevika var sett av til Akvakultur i den førre arealdelen til kommuneplanen, og vidareført i den nyleg godkjente kommuneplanen, gjennom vedtak i kommunestyret 17.06.2015. Søknaden om endra plassering av anlegget kom for seint i prosessen til at kommuneplanen kunne reviderast før sluttbehandling.

Området ved Trollholet er ikkje sett av til noko særskilt formål i kommuneplanen, og administrasjonen vurderer at plasseringa av oppdrettsanlegget der, ikkje kjem i konflikt med annan aktivitet. Området på land, litt lenger søraust, er regulert til bustadområde Dalemarka. Avstanden frå det næraste bustadhuset til det planlagde anlegget er i overkant av 600 meter. Når det gjeld bustadhusa i Dalemarka, vil anlegget dels liggja skjerma bak ein noko tett barskog, og dette vil truleg verka dempende på lydforureining frå anlegget.

Førebels vurdering

Administrasjonen kjenner ikkje til særskilte negative erfaringar med drifta av anlegget slik det er plassert i Laksevika, utover konflikten med Forsvaret. Kommunen har, gjennom behandlinga av kommuneplanen – samfunnsdelen og arealdelen – vedtatt at næringsutvikling er eit stort satsingsområde i Meland. Det vil vere av stor samfunnsinteresse å få flytta anlegget slik at ein unngår interessekonflikt med Forsvaret, og slik at fiskeoppdrettsanlegget kan oppgraderast. Konsekvensutgreiinga konkluderer med at flytting av anlegget kan føra til auka produksjon, og at flytting av anlegget truleg ikkje vil føra til auka smittespreiing, verken mellom anlegg eller til villfisk, dette med den kunnskap som no ligg føre. Den nye lokaliseringa vil medføre auka avstand mellom matfisklokalitetane i Herdlefjorden, noko som truleg er positivt med tanke på

smittespreiing mellom anlegg. Det nye anlegget kan gjerast meir rømingssikkert enn dagens anlegg, noko som medfører redusert risiko for smittespreiing og innblanding med villfisk. Betre lokalisering og utforming av anlegget med tanke på straumtilhøve, og større areal per fisk vil føra til betra oksygentilhøve, betre transport av avfallsstoff, og betra dyrevelferd.

Administrasjonen ser ikkje vesentlege negative konsekvensar ved å flytte anlegget til ny lokalitet ved Trollholet.

Høyring og vidare saksgang

Endra dispensasjonssøknad med konsekvensutgreiing journalført 4.12.2015, vert med dette sendt på høyring med frist for merknader sett til **19.2.2016**. Eventuelle merknader må sendast til Meland kommune ved e-post til: postmottak@meland.kommune.no

Alternativt som vanleg post til Meland kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug. Oppgje arkivsaksid 15/1419 så kjem merknaden inn på rett sak.

Høyringspartar som ikkje har fått vedlegg til saka, kan finne desse på kommunen si heimeside under tenestoområde for [Plan, utbygging og kommunalteknikk](#). Velg [Plan](#) og deretter [kunngjeringar](#). Høyringsvedtak og konsekvensutgreiing er også lagt ut i resepsjonen i rådhuset.

Deretter skal søknad om dispensasjon for ny plassering behandlast. Kommunen sitt planmynde vil, ved behandling av dispensasjon for endra plassering, ta omsyn til konsekvensutgreiinga og innkomne uttalar. I innstilling til vedtak skal det gå fram korleis verknadane av dispensasjon med konsekvensutgreiing og høyringsuttalar er vurdert, jf. § 10 i [forskrift om konsekvensutredning for planer etter plan- og bygningslova](#).

Dersom kommunen på nytt gjev dispensasjon frå arealdelen for å flytte og oppgradere anlegget, vil Hordaland Fylkeskommune v/Klima og naturressursavdelinga behandle søknaden m/tekniske krav og utgreiingar med eiga konsekvensvurderingar etter sektorlov. Søknaden m/konkrete tiltak vil då bli utlyst og kommunen vil få saka tilbake på høyring.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
Fagansvarleg Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Høyring og offentleg ettersyn - Konsekvensutgreiing for flytting av Blom Fiskeoppdrettsanlegg frå Laksevika til Trollholet

Konsekvensutgreiing dispensasjon kommuneplan Trollholet

Kopi til:

Blom Fiskeoppdrett as	Uløyvegen 130	5337	RONG
-----------------------	---------------	------	------

Mottakere:

Anne Kristine Jordal	Dalemarka 117	5918	FREKHAUG
Anne N. Natås og Frode Natås	Dalemarka 109	5918	FREKHAUG
Anne og Leif Johansen	Holmeknappen 49	5918	FREKHAUG
Arnold Tveit	Høplandsvegen 4	5918	FREKHAUG
Asle Brakstad og Elin Iden	Holmeknappen 54	5918	FREKHAUG
Astrid B. Nordrik og Rune Nordrik	Dalemarka 137	5918	FREKHAUG
Aud Lerånn og Inge Instebø	Dalemarka 139	5918	FREKHAUG
Beate Reinertsen Sæle	Kalihaugen 73	5268	HAUKELAND
Bergen og Omland Friluftsråd	Hellebakken 45	5035	BERGEN
Bergen og Omland havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN
Bergen Sjøfartsmuseum			
Berit V. Takvam og Arne Johannes Takvam	Dalemarka125	5918	FREKHAUG
Bjørn Vidar S. Dale	Bennetters Gate 12	4024	STAVANGER
Christine Linn Tøgersen og Christer Martinsen	Dalemarka 121	5918	FREKHAUG
Dagrun Gjervik og Ole Magnus Gjervik	Dalemarka 99	5918	FREKHAUG
Elin W Gundersen og Roger Gundersen	Dalemarka 95	5918	FREKHAUG
Fiskarlaget Vest			
Fiskeridirektoratet region Hordaland	Postboks 233	5804	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	P.b 7310	5020	BERGEN
Gjermund Dale	Bjørnestadvegen 169	5918	FREKHAUG
Grete Eknes Paulsen og Tore Paulsen	Dalemarka 93	5918	FREKHAUG
Gunn Tone Skjeie og Knut Holba	Dalemarka 132 A	5918	FREKHAUG
Heidi Erstad	Dalemarka 115	5918	FREKHAUG
Herdis Anlaug Kvamsdal	Dalemarka 130 A	5918	FREKHAUG
Hordaland Fylkeskommune	Regionalavdelinga	5020	BERGEN
Ingunn H. Furubotten og Morten Furubotten	Dalemarka 136	5918	FREKHAUG
Irene Paulsen og Arild Paulsen	Dalemarka 135	5918	FREKHAUG
Jan Gismervik		5918	FREKHAUG
Kjell Hjertås	Holmeknappen 21	5918	FREKHAUG
Knut Sagstad	Holmeknappen 56	5918	FREKHAUG
Kristine G. Bergheim og Frode Bergheim	Dalemarka 119	5918	FREKHAUG
KristineHerland og Andre B. Pletten	Dalemarka 67 B	5918	FREKHAUG
Ku Chunping	Holmeknappen 52	5918	FREKHAUG
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND

Mottakere:

Lena E. Grotle Richardson	Dalemarka 91	5918	FREKHAUG
Leni Dale	Øvredalsvegen 64	5918	FREKHAUG
Linda G. Lunga og Kolbjørn Lunga	Dalemarka 123	5918	FREKHAUG
Liv Hopland Van der Koj	Hoplundsvegen 141	5918	FREKHAUG
Liv Olaus Stokholm	Holmeknappen 58	5918	FREKHAUG
Magne Eikanger	Dalemarka 131	5918	FREKHAUG
Mai-Britt S Gundersen og Kenneth Gundersen	Dalemarka 113	5918	FREKHAUG
Marianne Toppe og Ørjan Evald Kristiansen	Dalemarka 127	5918	FREKHAUG
Marie T Lien Klungland og Svein Tønnes Klungland	Dalemarka 130 B	5918	FREKHAUG
Matti Maria Berger	Lyngveien 33	5101	EIDSVÅGNESET
Mona Helen Sæbø og Jan Ove Wedaa	Dalemarka 105	5918	FREKHAUG
Mona V Heggland Larsen og Endre Warberg Larsen	Dalemarka 103	5918	FREKHAUG
Nina K. Mowinckel og Jørgen Bernt Mowinckel	Dalemarka 138	5918	FREKHAUG
Ole-Kristian Dale	Dalemarka 111 A	5918	FREKHAUG
Randi Viken	Holmeknappen 51	5918	FREKHAUG
Steinar I. Sagstad	Foldnesvegen 229	5354	Straume
Svein Ø Opdal Monsen	Dalemarka 132 B	5918	FREKHAUG
Terje Grønhaug	Øvredalsvegen 85	5918	FREKHAUG
Tom Eirik Albrechtsen	Dalemarka 107	5918	FREKHAUG
Tone Lise Nilsen og Stig Johansen	Dalemarka 134	5918	FREKHAUG
Trond Dale	Bjørnestadvegen 175	5918	FREKHAUG
Trude Tomren og Tom Sverre Tomren	Haus	5286	HAUS
Trude Tjore og Roger Soltveit	Dalemarka 97	5918	FREKHAUG
Ture Andersen	Holmeknappen 30	5918	FREKHAUG
Unni S. Sagstad	Holmeknappen 25	5918	FREKHAUG
Vibeke G Hansen og Jan Erik Hansen	Dalemarka 133	5918	FREKHAUG